

# BJØRNEHJØRNETANN

**Tema:** Brunbjørnen

**Aldersgruppe:** 1.-2.årssteg barneskule/  
førskulebarn i barnehage

**Tidsbruk:** minimum 1,5 klokke



**Pris:** skulebarn – gratis/barnehage kr 20/barn

## Bakgrunn for opplegg:

- I 2009 fekk museet ein stor brunbjørn. Han var felt i Lierne i Nord-Trøndelag. Bjørnen, ein 4 år gammal hannbjørn på 200 kg, er no utstoppa og står på "alle fire" i museumslokala. Han er ein flott kar!
- På 1800-talet var tyngda av den vestlandske bjørnestammen nettopp her i vårt nærmiljø. I dag er her ingen. Vi vil gi barna kunnskap om korleis bjørnen lever. Dette gjer det lettare for dei å forstå naturhistoria også, at naturen er i endring meir eller mindre under menneskeleg påverknad.
- Lokale stadnamn: Kanskje har skulen/barnehagen ein stad som heiter Bjønnastien/Bjønnahiet i nærleiken?

## Om opplegget:

- I gallerirom:
  - støyping av bjørnehjørnetann i gips (maks 20 barn pga antal støypeformer)
- I museet:
  - barna får sitte nær bjørnen og studere han (men ikkje klappe). Tenk at det for lenge lenge sidan var mange slike her.
  - vi studerer brunbjørnen og finn ut gjennom samtale og lydbilde korleis han lever i naturen i ulike årstider (mat, pels, lydar, vintersøvn, ungepleie m.m.).
  - kor stor er eigentleg ein bjørnunge?
  - bjørnen i både eventyr og lokale sagn.
- I gallerirom:
  - ta forsiktig tennene ut av formene. Skrive initialer på. Dei vaksne passsar på tennene til dagen etter, slik at dei får herde.



### Mål for opplegget:

- Lære om korleis brunbjørnen lever gjennom dei ulike årstidene, og korleis han er tilpassa dette både som liten og stor.
- Bli bevisst på lokale "spor" etter bjørn (kulturminne og stadnamn).
- For skulane: sjå elles kompetansemål (under)

## Våren 2010 vert opplegget køyrt i veke 4, 5, 6 og 7.

### Kontakt for meir informasjon/påmelding ("først til mølla"):

Telefon: 97045640, Magnhild Vatne

E-post: [post@natur-museum.no](mailto:post@natur-museum.no)

## FRÅ LÆREPLANANE

### Naturfag: Kompetansemål etter 2.årssteg:

(Utdrag frå læreplan som høver til formidlingsopplegget "Bjørnehjørnetann")

#### Forskarspiren:

- Stille spørsmål, samtale og filosofere rundt naturopplevingar og mennesket sin plass i naturen. Beskrive eigne observasjonar frå forsøk og frå naturen.

#### Mangfald i naturen:

- Gjenkjenne og beskrive nokre plante- og dyreartar og sortere dei.
- Beskrive viktige kjenneteikn ved dei fire årstidene ved å observere naturen.

#### Grunnleggande ferdigheiter i faget:

- *Å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg* (å presentere og skildre eigne opplevingar og observasjonar).
- *Å kunne lese* (samle tilleggsinformasjon).

#### Andre fag:

- Ein vil også finne samanfallande kompetansemål i fag som samfunnsfag og norsk, då særleg knytt til formidling av eventyr og forteljingar/sagn knytt til lokale stadnamn.